



Arkoconsult AS  
Adelin Hanstveit Hjellvik  
Postboks 103  
5291 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/7401 - 20/35215

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:  
11.06.2020

## **Orientering om vedtak i Utval for areal, plan og miljø - gbnr 217/4 Romarheim**

Vi viser til søknad om dispensasjon for etablering av ny veg til gbnr 217/4.

Søknaden vart behandla i Utval for areal, plan og miljø i møte 10. juni 2020 der følgjande vedtak vart fatta:

### **APM- 093/20 Vedtak:**

**Utval for driff og utvikling gjev dispensasjon frå arealføremålet landbruk, natur og friluft (LNF) i kommunedelplanen for Lindås 2019 – 2031 for etablering av ny veg over gbnr 217/4 slik det er søkt om på følgjande vilkår:**

- **Geologisk vurdering av ras skal vera gjennomført før det vert søkt om løyve til tiltak etter plan- og bygningslova (pbl) kapittel 20.**
- **Dersom risiko/fare vert avdekket skal tilstrekkeleg tryggleik mot ras vera gjennomført eller dokumentert før det vert gjeve løyve til tiltak.**

**Vedtaket har heimel i pbl § 19-2 jf. § 11-6 (rettsverknad av kommunedelplanen sin arealdel).**

**Grunngjeving for vedtaket går fram av saksutgreiinga.**

**Saka vert sendt Fylkesmannen i Vestland og Vestland fylkeskommune for klagevurdering.**

### **Bortfall av løyve**

**Om byggearbeidet ikkje er omsøkt, godkjent og påbegynt innan 3 år etter at vedtak om dispensasjon er gitt, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9.**

Saksutgreiing med vedtak følgjer vedlagt.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl).

Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå

melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Søknad om dispensasjon frå arealføremålet LNF for etablering av ny tilkomstveg - gbnr 217/4 Romarheim

Søknad om dispensasjon - gbnr 217/4 Romarheim

Situasjonsplan

Lengdeprofil

Utvida bruk av avkjørsel

Uttale frå landbruksavdelinga til søknad om dispensasjon frå LNF - formålet - GBNR 217/4 Romarheim

Uttale til søknad om dispensasjon - gbnr 217/4 Romarheim - etablering av veg

**Kopi til:**

Arkoconsult AS  
Eivin Høiland

Postboks 103  
Modalsvegen 14

5291 VALESTRANDSFOSSEN  
5994 VIKANES

**Mottakarar:**

Arkoconsult AS

Postboks 103

5291 VALESTRANDSFOSSE  
N